



Månadsbrev desember 2019

10. klasse var nøgd med hospiteringa på Tryggheim vgs. 20.11.19, og ungdomsskuleelevane fekk verkeleg jobba under arbeidslivstrening 21.-22. nov. Sjølv-portretta til ungdomsskulen vart flotte, og møtet med stuntkvinnna Thea var interessant. Det vart lite bilete frå *Morgengry*, men alle markerte Foreningen Norden sitt 100-års-jubileum med lesing av *Pippi holder fødselsdag* av Astrid Lindgren og *Sofies Verden* av Jostein Gaarder, så det vart nokre gode lesestunder på alle trinn. I slutten av månaden var 7. klassingane på Sinnes og Tonstad i Omlid for å veva og smøya saman med Sirdal husflidslag og Berit Ovedal, og kom heim med to produkt kvar. Elles har foreldre, lærarar og elevar vore opptatt av budsjettframlegging og oppslag i media der enkelte parti går ut med at det vert for dyrt å byggja om Sinnes skule. FAU har sendt uromelding til kommunestyret, elevane har svart på budsjett høyringa direkte og via Sirdal ungdomsråd, og verneombodet har varsla arbeidstilsynet. Me utsette SMU- og SU-møtet til 5. desember, og flest mogleg bør møta opp på formannskapsmøtet kl. 12.00 same dag for å følgja budsjett diskusjonen direkte. Alle politikarane i Sirdal vert inviterte til omvising med FAU og verneombod ettermiddagen 11. desember, men vonleg så tidleg at dei ser korleis skulen er ute.

Mange nyttar Visma flyt skule til å søkja om fri og melda frå om sjukdom, og det må de halda fram med å gjera anten det gjeld undervisingstid eller SFO. Systemet om ekstratimar i SFO byr på utfordringar, men **meld** uansett **frå** om at barnet kjem seinare eller skal heim tidlegare enn planlagt! Pam er framleis sjukmeld, så Lena tar imot slike beskjedar enn så lenge.

3.-4. klasse arrangerte julegrantenning og avskjedsmarkering for bibliotekar Vigdis på morgonsamlinga 2. desember, der òg ordførar og rådmann var til stades. Dei presenterte òg sosialt mål om å våga å ha, og stå, for egne meiningar. Adventstida vert markert i alle klassar, nokre med lesing av ei bok eller eit julehefte, andre med gjenbruksgåver, ulike aktivitetar eller å sjå "adventsfilm". Redesignvalfaggruppa byrjar med juleverkstad for 5.-7. klasse allereie 4. desember, medan 1.-4. klasse arrangerer juleverkstad 13. desember. 9. desember kjem gruppa AN-KARA med "Boom, snap Clap - en verden av rytmer" i den kulturelle skulesekken for 1.-7. klasse. "Trioen leker med og utforsker det rytmiske potensialet i instrumentene de spiller. (...) Det skal blant annet "choppes" på fiolinen, "slappes" på kontrabassen - og kanskje dukker det opp en fyrstikkeske som plutselig blir til en rytmemaskin. (...) Sammen skaper vi bevegelse og musikk med enkle instrumenter og ting vi omgir oss med i hverdagen." <https://vaf.ksys.no/produksjon/1342319>



Ungdomsskulen startar med halvårsprøvene tysdag 10. med engelsk, så går det slag i slag med norsk hovudmål, norsk sidemål og matematikk. Brått er det juletefest 19. desember, og vonleg har du/de levert inn eit kreativt bygg til Peparkakebygda 2019 før måndag 16., slik at de har vore med på å skapa julestemning på biblioteket gjennom adventstida og vert med i premieringa. Det første byggverket kom 2. desember.

Sinnes 02.12.19, *Ase-Berit* (rektor)

